

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

Påske 2022

Nr. 1 Årg. 1

Då skunda dei seg bort frå grava,
redde, men jublande glade;
og dei sprang av stad for å
fortelja det til læresveinane.

• • Matteus 28,8





Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: Mandag - Torsdag kl. 09.00 - 15.00.



Telefon: 90 53 19 10

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kyrkja.no



Kyrkjevevje

Torstein Aarhun

Mobil: 951 24 964

torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no



Dagleg leiar, kyrkjelydsarbeid

Jan-Ove Fagerheim

Mobil: 913 45 042

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjersti Brakestad Boge

Mobil: 952 62 022

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no



Vikarprest/Sokneprest

Kjetil Kringlebotten

Mobil: 413 06 667

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no



Kantor

Eva Megyesi

Mobil: 955 20 899

micacica@online.no



Organist

Marit Lindeklev

Mobil: 482 54 819

mlindek@online.no



Einingsleiar i Trusopplæring

Kristine Hestad

Mobil: 971 95 370

kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Alf Jarle Langeland

Mobil: 488 95 728

alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Idar Bjørgen

Mobil: 488 95 732

idar.bjorgen@kvinnherad.kommune.no



Konsulent

Ingrid Sundal

Mobil: 907 76 149

ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no



Kontorsekretær

Grethe Svalland

Mobil: 480 38 628

grethe.svalland@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Carsten Mrusek

Mobil: 916 63 816

mrusek.carsten@gmail.com



Prestvikar/Sokneprest

Åse Selsvold

Mobil: 456 05 184

ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no



Organist

Rebekka Attramadal

Mobil: 411 06 952

rebekka.attramadal@gmail.com



Kyrkjelydssekretær

Oddbjørg Heimark

Mobil: 415 53 041

oddbjorg.heimark@kvinnherad.kommune.no



Trusopplærar

Toril Langeland

Mobil: 909 58 898

toril.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Helge Furdal

Mobil: 995 12 585

helge.furdal@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Johannes Solheim

Mobil: 976 10 810

johannes.solheim@knett.no

I tillegg til desse har me og nokre mindre stillingar knytt opp til ei, eller nokre få, av kyrkjene våre.

Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:

Rita Isdal Cunningham,
Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy,
Kristian Bringedal og Airin Helene Zimmer



Vil du gi ei gåve til bladet...?

Bruk vedlagde giro, eller

VIPPS nr.: 549497

Bankgiro:

3460 07 53578

Redaktør og layout: Jan-Ove Fagerheim

Trykk og distribusjon: Grenda

Livbåt-produksjon i Bibelen

Andakten i dette påskenummeret av Kyrkjelydsbladet er ei preik som Airin Helene Zimmer hadde i Ølve kyrkje 1. påskedag 2007

No er det Påske, og eg vil snakka om båtar. Eg vil snakka om livbåtar. Det er nok mange i Kvinnherad som har god greie på livbåtproduksjon. Men veit de kven som var den fyrste ansatte i livbåtproduksjonen? Jo, det var Noah. Han bygde ein kjempestor livbåt. Større enn den største dei laga på Hard- ing. Noah hadde eit oppdrag frå Gud, og no gjaldt det å gjera det slik Gud ville. Noah skulle byggja ein redningsplan. Den skulle byggjast i tre. Fyrst kjø og spant, så spikra dei fjøler utanpå. Slik nagla dei tre på tre. Det kan nok hende at Noah hadde mange til å hjelpa seg, men dei trudde ikkje på Gud. Det dei gjorde var vel og bra, men det var berre dei som trudde på Gud som vart berga.

Seinare vart det bygd ein mykje mindre livbåt. Den fyrste Stup- aren. Den var og av tre. Den skulle lyftas opp, senkast ned, og så koma opp att. Dei som bygde denne gjorde og som Gud hadde sagt. Dei bygde ein redningsplan. Dette skjedde i Påsken. Dei nagla tre mot tre, slik som Noah. - Bødlane, som spikra Jesus, til krossen. Dei gjorde slik Gud ville, Jesus er

vintreet, krossen vert kalla "for- bannelsens" tre. Dei nagla vintreet til forbannelsens tre. Slik bygde dei ein livbåt, mykje mindre enn Arken, men i effekt, mykje større. Ein kombinert livbåt og redningsmann. Men her gjeld det også at berre dei som trur på Gud vert berga. Her hjelper det ikkje med mange gode gjerningar.

Då er vel Gud urettferdig? Vi veit vel alle om nokon som gjer utruleg mykje godt; dei skulle vore sjølvskrivne for Himmelen. Og vi kjenner andre, nokom vi ikkje tenkjer så godt om, dei gjer så mykje vondt og gale. Gud er ikkje urettferdig! Han vil at vi skal gjera gode gjerningar, og Han veit at vi alle kan gjera litt. Men vi feilar, alle, når det kjem til stykket. Så har Gud sagt: Fordi alle feilar, skal alle ha same mulighet til oppreisning. "Den som som trur på meg og han eg sende, Jesus Kristus. Dei skal bli Frelst".

Dette er det evige liv, at dei kjenner deg, den einaste sanne Gud, og han du utsendte, Jesus Kristus. - Joh 17,3 -

Vi får det så fint og godt synleg- gjort ved den fyrste som vart frelst etter den nye pakt. Han hadde vel ikkje så mykje å fara med. Han hadde berre ei tru. Det hende på Golgata.

Jesus på krossen, var reist opp, med ein forbrytar på kvar side. Eine røvaren sa "Sjå! Litt av ein redningsplan, han kan jo ikkje berga seg sjølv eingong". - Men den andre sa: "Sjå! Det er jo nettopp fordi Jesus vert uskuldig nagla til krossen, at han er den perfekte livbåten. Han er redningsmannen for deg og meg!" - Ved si tru vart han frelst. "Sanneleg i dag skal du vera med meg i paradiset". Eit herleg løfte frå Jesus, like før han skal ned i dødsriket.

Så er trua på Jesus, redninga for deg i dag. Og eg veit at trua på Jesus er redninga for meg.

"Skal båten min søkja, lyt Han fylgja med. Men aldri skal Jesus og eg søkkja ned". For Gud har kvittert på at denne livbåten er godkjend, ved å reisa Jesus opp frå grava.

REDNINGSMANNEN
ER OPPSTANDEN

www.kvinnherad.kyrkja.no



Frå dag til dag i påska

Me nærmar oss ei høgtid som er rik på sterke opplevingar. Ei høgtid som vekslar mellom stor glede og djup sorg, mellom frykt og begeistring, men og mellom undring og ettertanke.

Feira Jesus påske?

Ja, Jesus feira påske, eller «dei usyra brøds høgtid» som det og blei kalla. Jødane feira påske til minne om då Moses leia Israelsfolket ut av slaveri i Egypt. Og namnet «usyra brøds høgtid» kom av at då Farao sa at folket kunne frå dra, drog dei i stor hast utan tid til å la brøddeigen bli ferdig surna. I påsken feira jødane påskemåltid saman og åt påskelam.

Jesus var på veg til Jerusalem saman med læresveinane sine for å feira påske. Jesus hadde fiendar i byen; både religiøse og romerske leiarar. Litt utanfor byen stoppa dei, og Jesus bad to av læresveinane om å finna ein eselfole til han. Jesus reid på eselfolen mot byen. Langs vegen samla det seg mykje folk som kviskra; «der kjem kongen som skal fri oss frå fiendane våre». Folket jubla og dansa, vifta med palmegreiner, la kappane sine på vegen der Jesus reid fram og ropte «Hosianna!».

PALMESØNDAG



SKJÆRTORSDAG



Det gjekk så nokre dagar og Jesus og dei 12 læresveinane var saman i Jerusalem for å ete påskemåltid. Jesus visste at Judas, ein av læresveinane ville svike ham. Mens dei åt tok Jesus brødet og sa «Ta imot og et! Dette er min kropp». Så løfta Jesus begeret med vin og sa «dette er mitt blod, eg gir det til dykk». Me seier at Jesus med dette innstifta nattveden. Etterpå gjekk dei ut i natta saman til ein hage som heiter Getsemane. Her bad Jesus mens læresveinane var trøytte og sovna.

I Getsemanehagen kom Judas saman med soldatar og tok Jesus til fange. Han blei forhøyrd heile natta, og då morgonen kom blei han dømd til døden. Folket ropte «krossfest!» Jesus fekk tornekrone på hovudet og purpurrød kappe om skuldrane. Så blei han ført ut av byen til ein høgde som heiter Golgata. Der blei han krossfesta saman med to røvarar. På Jesus sin kross stod det «Kongen over jødane». Jesus hang på korset, han ropte «Min Gud, min Gud kvifor har du forlate meg?» Så kom det eit mørke over landet og Jesus kviskra stille «det er fullbrakt». Jesus døydd og blei lagt i grava til ein mann som heitte Josef. Det blei rulla ein stor stein framfor opninga til grava og soldatar haldt vakt.

LANGFREDAG



I. PÅSKEDAG



Tre dagar gjekk. Tidlig påskedags morgon var tre kvinner på veg til grava. Dei hadde med salve som dei ville smøre på den døde kroppen. Framme med grava såg dei at den store steinen var rulla vekk. Inne i grava satt det ein engel som sa til dei at dei ikkje måtte vera redde. Jesus ikkje var der, han hadde stått opp. Engelen sa og at dei måtte gå og fortelje det til læresveinane. Jesus viste seg og for kvinnene og sa «ikkje ver redde lenger! Eg har vunne over døden».

Illustrasjonar og tekstar vart fyrste gong nytta i kyrkja på Stord sitt kyrkjeblad, "SPIRA".



Espira barnehage på Halsnøy og Myrane barnehage på Husnes har sendt oss nokre flotte blinkskudd frå påskevandringane i kyrkjene. Eit av bileta er frå Åkra kyrkje.



Påskevandring med barnehagane

I vekene før påske har me i ein god del år invitert dei eldste årskulla i barnehagane til kyrkja for å delta på påskevandring.

Born og vaksne møter i hovud-inngangen til kyrkja. Me ynskjer velkommen og pratar litt om at mange av borna like før jul var med på julevandring i kyrkja. Me er innom ein post der me ser krybba som Jesus-babyen låg i, skrina til dei tre vise menn m.m. Men no handlar det om at Jesus ikkje var baby heile livet sitt, han voks og vart ein vaksen mann.

Vidare får me høyra frå Bibelen om Sakkeus som fekk livet totalt forandra i møte med Jesus. Så er det den siste påske-veka til Jesus det handlar om. Borna stiller seg i to rekker og veiftar med "palme-greiner". Det er palmesøndag.

Turen går innom påskemåltidet og det at Jesus vaska læresveinane sine føter. Han tok på seg den oppgåva som tenarane egentleg hadde.

Me går vidare bort til eit lite bord med eit tent lys. Her får me høyra opplest frå Bibelen om at Jesus måtte dø. Lyset blir sløkt og me byrjar å spele trist musikk. Plutseleg skiftar musikken karakter; Musikken blir gladare og lettare.

På denne måten får me fram at det slutta ikkje så trist med Jesus. Bibelen fortel at tredje dagen stod han opp frå dei døde og at han lever idag! Me samlar oss rundt

altarringen, tar bort eit svart teppe og pyntar altaret til gledesfest! "Maria" kjem og fortel om gleda og jubelen dei opplevde påskedag.

Det er utruleg flott å få vera med på desse ulike vandringane me får ha med barnehage-born! Dei er så nysgjerrige og engasjerte. Dei føl så godt med på det som vert fortalt.

Me har lyst å seie takk for besøket til alle dåke me har fått vore på vandring med! Håpar me også neste år kan få til både jule- og påskevandringar!

Haugespora, dei er endå synlege

Sokneråda i Kvinnherad hadde i mars besøk av teatergruppa Ryfylke Livsgnist som synte fram stykket **Haugespor** i Kulturhuset på Husnes. Det er ei historie om Hans Nilsen Hauge og hans liv og virke, og ei påminning om alle far som enno finst etter Hauge. Det vart ei morosam, lausslept stund, lite prega av haugiansk gravalvor. Det er sagt om ein haugeven i Kvinnherad at det var ingen som såg han lo. Han tok si gudstru på alvor kvar dag.

Kyrkja var lokal arrangør, men stykket **Haugespor** er ikkje noko gudsteneste. Det er både musikal og teater, fullt av liv, alvor og ein god del komikk. Slik kvardagslivet ofte er.

Det er ei framsyning med enkle kulissar; ein vegg med ei riksande dør, nokre gamle bruksting som høyrer til i eit vanleg hus. Dei fire skodespelarane har fleire roller, og det går fint. I tillegg er det med ein gitarist. Under framsyninga vart det framført mange av dei gamle, flotte salmane, t.d. Herre Gud, ditt dyre navn og ære, av Petter Dass. Skodespelarane er gode songarar, og det var vakkert å høyra på.

Haugespor er ikkje berre underhaldning, men og bortimot to timars undervisning om kven Hans Nilsen Hauge var, og ikkje minst om kva han fekk gjort. Det kjem og tydeleg fram at for rundt to hundre år sidan hadde religion og gudstru mykje å seia for folk i kvardagen. Religionen hadde stor makt over folk, i alle fall småfolket, og var i stor grad styrande for tankesett og kvardagsliv.

Stykket opnar med at ein ung austlending kjem på besøk. Han er velkledd, han ser ikkje ut som ein vanleg bondegut, han er ikkje som dei fleste andre mannfolk; han strikkar medan han går etter vegen. Det gjeld å nytta tida godt. Stykket fortel via song og tale. Det fungerer godt.

Stykket er fullt av fyndord, som kunne vore spikra på vegg: *Latskap er ondskap, arbeid er en dyd*. Du ler du Hans, blir det ikkje for muntert? Livet skal ikkje vera ein fest, men hardt slit, og tenk på Gud i alt du gjer.

Mitt kall er å elske Gud og min neste! svarar nykomaren.
- Større mann enn Hans Nilsen Hauge har landet aldri hatt, skal dikteren Alexander Kielland i Stavanger ha sagt.

Stavanger og store delar av Vestlandet var på slutten av 1700-talet og dei neste 150 år sterkt prega av haugevekinga, av Hans Nilsen Hauge si forkynning og idear om folkeopplysning, om næringsdrift og innovasjon.

Hans Nilsen Hauge var fødd i 1771 og voks på Rølsføy ved Fredrikstad i Østfold. I stykket følgjer me han gjennom livet, gjennom songar og sceniske glimt frå livet hans. Hauge skreiv mange bøker. Då han var på reise – til fots – hadde han eit manuskriptet i ranselen. Uheldigvis miste han papirbunken på vegen. Det var ei stor ulukke, noko kopi fanst ikkje. Men til alt hell fann ein annan vandrar manuskriptet, og Hauge fekk det att. Etter ei tid kom det ut som bok, «Betragtning over Verdens Daarlighed». Hauges bok vart seld i 200.000 eksemplar, i ei befolkning på 900.000. Han skreiv i alt 33 bøker og pamflettar.

Presten og futen var embetsmennene på landsbygda og representantar for kongemakta. Dei stod høgt over vanlege folk i rang og hadde naturleg nok stor makt og autoritet.

Allmugen kritiserte prestane, dei var meir opptekne av korleis folk skulle dyrka poteter enn av å forkynna Guds ord og korleis ein burde leva i kvardagen. Dei hadde oppheva seg sjølve til å vera dei einaste som forstod Guds ord.
- Hva gagnar det hvis noen sier han har tro, men ikke viser det i sine gjerninger? spør Haugevennene.

Presten kjem inn på scenen i lag med lensmannen.
- Ut frå det vesle eg har lese av Hans Nilsen Hauge er han ein heilt udugelig – og ugudeleg bonde, seier presten. Om boka hans seier presten: Det er djevelens verk av ei bok.

- Eg kjenner eg treng ein dram, seier presten og dreg ei lommeleke opp frå innerlomma. Kyrkjelyden har å stilla opp for presten sin, legg han til.

To unge jenter er ute på vegen, dei seier dei skal treffa venner. Det heng i lufta at det er Haugevenner, men det torer dei ikkje seia til presten. Desse to er på veg til fortapelsen, seier presten.



Konventikkelpakaten var ei lov vedteken i København i 1741, som sette forbod mot religiøse møte utanfor prestane sin kontroll. Plakaten forbod folk som ikkje var prestelærde å forkynna Guds ord. Forkynnarane skulle vera «ordentlig kallede lærere».

- Det skal ikkje førekoma noko kristeleg samling utan at eg er til stades, tornar presten og understrekar sin eigen autoritet.

Hauge reiste rundt i landet i åtte år og forkynt Guds ord og lærte allmugen korleis dei betre kunne dyrka jorda og få større avlingar, like eins lærte han folk å koka salt. Salt var avgjerande for å kunna ta vare på kjøt og fisk til mat.

I 1798 kom Hauge til Bergen og året etter til Hardanger. Seinare for han nordover på Vestlandet. Overalt der han kom, fekk han mange gode og fortrulege venner. Vennene hans meinte at Hauge hadde noko godt og viktig å fara med i forkynninga, medan prestane berre baud på tome ord. Ei kone heldt tale til veneflokken og fortalde om ein ung gut som vart skadd i slåttan.

- Huff, den stygge slåttan, kommenterte drengen. Det var i tråd med den tids kultur å snakka stygt om alt som var til fare for folk.

Når bøndene skulle laga seg til med ein åker, brukte dei spade og snudde jorda på den måten. Hauge hadde fått tak i bakkevendeplogen, altså ein plog som snudde torva slik ein plog i jordbruket framleis skal gjera. Så fortalde han at bøndene måtte skaffa seg hest til å dra plogen. Maken til tullprat, meinte mange bønder. Ingen brukte hest når dei skulle snu torva og laga åker. Det var spaden som var rette reiskapen til slikt arbeid, meinte dei som trudde dei verkeleg hadde greie på jordbruk.

Mange såg på Hauge som ein opprørar, ein komplett skandale, ein simpel bonde, som let kvinner tala i forsamlingar, og endåtil let dei arbeida utanfor heimen. Soknepresten derimot, han var ein «deilig, liten gullskatt».

Bergen var eit senter for hauge-rørsla, og Hauge fekk med seg mange mektige menn frå næringslivet. Dei meinte at arbeid er ei dygd, nærast ei gudsdyrking i seg sjølv. Hauge utvikla seg til å bli ein mann av ei blanding av predikant og næringsgrunnleggjar, og ein omsorgsperson.

Luster i indre Sogn var ei av bygdene der Hauge sette sterkast spor etter seg. Der var det ei omfattande vekking, soknepresten var så godt som åleine om å halda seg borte frå rørsla. Som den praktiske arbeidsmannen Hans Nilsen Hauge var, hjelpste han til i slåttan på gardane.

Nils Hertzberg var prest i Kvinnerad frå 1786 til 1803. Han hadde òg medisinsk utdanning og tok seg av koppevaksinasjonen. Landmåling og kartteikning var han og kjend med, og han interesserte seg for fysikk og kjemi. Hertzberg stilte seg positiv til Hauge-rørsla. Presten let Hauge tala på kyrkjebakken etter gudstenesta.

Hauge si omfattande næringsdrift kasta godt av seg økonomisk. I periodar dreiv Hauge stort i forretningslivet og tente gode pengar. Han kjøpte store delar av Strusshamn på Askøy og Svanøy sør for Florø.

Hauge-vennene dreiv skipsverft, sager, saltkokeri, gjestgiveri, dei kjøpte opp store landområde, og Hauge hadde endåtil fregatten «Christina Margareta».

John Haugvaldstad frå Mosterøy var ein av Hauge-vennene som arbeidde seg opp. Han flytta til Stavanger og sette i gang fleire bedrifter og vart byens rikaste mann. Trass i rikdommen, levde han nøkternt. Haugevennene likte ikkje luksus, det var syndig, somme var så fromme at dei praktiserte det åndelege ganglaget og såg helst ned når dei gjekk ute på gata. Det skulle vera ei veldig kristeleg framferd.

24. oktober 1804 vart det sendt ut arrestordre på Hans Nilsen Hauge, han vart sett i fengsel i Christiania. Bøkene hans vart forbodne. I 1805 kom det ordre om at alle Hauge-bøkene skulle leverast inn til politiet.

I 1809 vart Hans Nilsen Hauge sendt til Christiania og fengsla. 23. desember 1814 kom domen; 3000 riksdalar i bot, men ingen fengselsstraff. Då hadde han sete ti år i fangenskap medan han venta på dom i saka. Det var sjølvsaugt eit stort justismord, og Hauge fekk erstatning frå staten.

Hans Nilsen Hauge hadde dårleg helse dei siste leveåra. Han døde i 1824, 53 år gammal. Men Hauge-rørsla levde vidare og sette djupe spor i folket. Det er sagt at tredjeparten av eidsvollsmennene var haugianarar.

*Tekst/foto:
Sjur Tjelmeland*



“Vi er Tårnagenter!”

Helga 19.-20. mars hadde vi Tårnagenthelg i Husnes kyrkje. 10 kjekke barn var med.

Vi møttes i våpenhuset i kyrkja der ein og ein måtte gå gjennom ei hinderløype som var inne i kyrkja. Alle kom gjennom løypa og fekk kvar sin agentkode.

Soknerådet stilte opp med pizza til alle agentar. Etter at vi var gode og mette var vi på skattejakt etter gøynde kyrkeskattar. Vi fant både lys, dåpsfat, nattverds-utstyr og ein gamal bibel. I tillegg var alle og såg på den store kyrjeklokka i tårnet.

Før vi gjekk heim lørdag kveld fortalte trusopplærar Toril om dei ulike dagane i påskehøgtida. Etterpå teikna alle ei påske-teikning som vart hengt opp i kyrkja.

Gudstenesta søndag føremiddag vart annleis enn planlagt. Det vart eit smitteutbrudd i tårn-agentgjengen, så gudstenesta vart utan deltakelse frå dei. Då

vart det gudsteneste med prest og trusopplærar som formidla litt av det tårnagentane hadde vore gjennom dagen før.

Foto: Marit Langeland



Mandag 14. mars var det planleggingsdag for skulane i Kvinnherad. Denne dagen nytta trusopplæringa til å invitera alle 5.-klassingar i kommunen til KodeB i Valen kyrkje. Det vart ein flott dag for dei nærare 30 som melde seg på. Det var undervisning om Bibelen, song, pizza, frukt og aktivitetar ute og inne.



Namna minnelund

– No også ved Eid kyrkje

Namna minnelund vert stadig meir vanleg. Dette ser vi både nasjonalt og no og lokalt. Kvinnherad kommune har løyvd pengar til å etablere minnelundar ved gravplassane i våre. Frå før er det etablert minnelund ved Husnes gravplass og ved Kvinnherad gravplass i Rosendal. I midten av mars stod og minnelunden ved Eid kyrkje klar. Det er kyrkjetenarane som er tilsett i Kvinnherad kyrkjelege fellesråd som har utført arbeidet. Det har blitt ein flott minnelund som vert endå finare når blomar og gras får spira og gro.

Ein slik minnelund er eit godt alternativ til vanleg gravstad. Dersom dei næraste bur andre stader kan det være ei sut min-

dre med ei slik løysing. Her vil det alltid bli stelt, og det er høve til å setje ned lys og blomar ved minnesmerket. På minnesmerket vil det stå ei eiga namneplate med namnet på.

Hausten 2022 vil det bli etablert minnelund ved gravplassane i Uskedal og Holmedal.

Foto: Helge Furdal



Oppgraderingar i og ved Kvinnherad kyrkje

Hausten 2021 og vinteren 2022 har det vore fleire oppgraderingar i, og ved Kvinnherad kyrkje. Inne i kyrkjeskipet er det no kome energieffektive «benkevarmerar» i staden for dei gamle røyromnane som truleg var frå 1950-talet. I tillegg til at dette er meir energi-effektivt er det og med å sikra kyrkja i høve til potensiell brannfare.

Sakristiet har og blitt renovert. Sjølv om sakristiet er eit påbygg er det like fullt ein del av Kvinnherad kyrkje og skal difor handsamast med den respekten eit slikt kulturminne krev. Sakristiet framstod rotete og utan heilskap. Når det no er oppgradert vert det eit tenleg rom for prest og dåpsfylgje, men og eit rom for samtalar og mindre møter.

Den tredje store oppgraderinga er toalettbygget utanfor kyrkja. Her er alt rive ut og bygd opp på nytt. Mange vil nok med rette sei at dette var på høg tid. No held toaletta den standaren som er ynskjeleg og er meir

universelt utforma. Med unntak av skifte av varmekjeder er det våre kyrkjetenarar som har gjort jobben i sakristiet og med toalettbygget.



Foto: Helge Furdal

Å følgja Jesus er å vera der folk er

Intervju med Carsten Mrusek, ny sokneprest i Fjelberg/ Eid og Åkra.

28. november 2021 vart Carsten Mrusek innsett som ny sokneprest i Fjelberg og Eid sokn. Han tok då over etter Jan Ove Totland, som hadde vore sokneprest same stad sidan 2015. Carsten kjem frå ei stilling som vikarprest i Uskedalen, Ænes og Åkra, og er såleis godt kjend i Kvinnherad frå før. Mange kjenner til forhistoria hans som katolsk prest, noko han også fortalte om i Uskedal kyrkje 10. november 2021, då han hadde ein temakveld med tittelen «Frå tysk katolisisme til norsk lutherdom». Denne kvelden fekk tilhøyrarane følgja reisa hans frå han vart fødd i 1970, i byen Osnabrück nordvest i Tyskland, til han nå går inn som sokneprest på Halsnøy og Fjelberg, i tillegg til å ha tenestestad i Åkra.

Då eg traff Carsten for ein prat i Eid kyrkje ein tysdags ettermiddag, fekk eg ei oppsummering av trushistoria hans fram til i dag. Han fortalte at han kjem frå det han vil kalla ein folkekyrkjelig katolsk familie, og vaks opp i ein del av Tyskland der katolisismen står sterkt. På landsbasis er rundt 35-40 % av det tyske folket katolikkar, like mange er protestantar. Han vart tidleg engasjert i kyrkjeleg arbeid, først som altergut, deretter var han med i katolsk ungdomsarbeid. Allereie i barndommen dukka tanken om å bli prest opp i han, men det var ikkje før han hadde teke jusstudiar, 27 år gammal, at han for alvor bestemte seg for å finna ut om han verkeleg hadde eit kall til presteteneste. Etter ei tids åndeleg rettleiing som bekrefta det han hadde følt sjølv, søkte han seg inn i klosterfellesskapet som dreiv gymnasen der han hadde tatt Artium, og i 1997 byrja han på Novisiatet, grunnutdanninga for å bli ordinert til katolsk prest i eit ordensfellesskap. Etter ei omfattande utdanning, både teologisk og praktisk, vart han

ordinert til katolsk prest 8. mai 2005. Etter presteordinasjonen ønskte Carsten å ta ein doktorgrad. Førespurnaden hans vart derimot avslått av superioren, som bestemte at han skulle vera religionslærer og skuleprest. Dette måtte Carsten bøya seg for, i og med presteløfta som han hadde avlagt, som omfatta lydnad mot superioren, sølibat, og det å leva eit enkelt, fattig liv. Dermed vart Carsten sendt til vidareutdanning i Bayern, i nærleiken av Garmisch-Partenkirchen, for å utdanna seg innanfor ungdomspastoralt arbeid.

Tvilen dukka opp i Carsten iblant, seier han. Spesielt dreidde denne seg om det å leva i sølibat for resten av livet. Han sleit også med enkelte teologiske spørsmål. Gjennom åndeleg rettleiing, som han gjekk til jamleg, arbeidde han med tvilen sin. Etter eit sabbatsår i Brasil, der han arbeidde som språklærer, visste han at han ikkje skulle fortsetja som katolsk prest, og han gjekk ut av tenesta. Han var då 40 år gammal. Kva nå? spurde både han sjølv og familien hans seg. Skulle han byrje på null? Som katolsk prest i eit ordensfellesskap hadde han ingen oppsparte midlar, då fattigdomsløftet innebar at han fekk det han trong frå klosterfellesskapet. Nå måtte han flytta ut frå det på ei veke, med berre 300 euro som startkapital.

Kort tid etter at Carsten hadde bestemt seg for å slutte som katolsk prest, i 2010, møtte han ho som i dag er kona hans, Cecilie Elisabeth Vestbøstad. Ho viste seg å vera norsk, opphavelg frå Fitjar, og utan intensjonar om å busetja seg i Carsten sitt heimland. Slik hadde det seg at han dermed, i august 2010, kom til Norge, nærare bestemt Kristiansand, med to koffertar med alt han eigde i, for å busetja seg der kjærasten jobba. I juli 2011 gifta

dei seg. På dette tidspunktet hadde Carsten funne ut at han ønskte å bli prest i Den norske kyrkja, og kjende på eit kall til dette. Det fordra at han først måtte ta norsk kyrkjhistorie og kyrkjerett, samt Luthers teologi, i tillegg til praktisk teologisk utdanning. I 2012 vart han ordinert til prest igjen, denne gongen innanfor Den norske kyrkja, og byrja først som prest i Vågsøy, deretter på Nordfjordeid, blant anna i Eid kyrkje der. Etter nokre år her følte ekteparet, som nå hadde fått to døtrer, Agathe i 2013 og Laura i 2015, at tida var komen for å flytta lengre sør, nærare hennar familie på Fitjar. Carsten søkte og fekk stillinga som sokneprest i Jondal, og på Utne i Hardanger og Voss prosti i 2015. I 2020 rykka dei enno litt lengre sør, då Carsten byrja i ei vikarstilling i kyrkjene Uskedal, Ænes og Åkra. Då det så blei ledig stilling som sokneprest i Fjelberg og Eid sokn, etter at Jan Ove Totland gjekk av med pensjon, fann Carsten ut at han ville søkja denne stillinga. Så langt hadde han pendla mellom Jondal, der han framleis budde saman med familien, og Kvinnherad. Då kona fekk ein 100 % fast jobb ved biblioteket på Husnes, valde dei å flytta til Kvinnherad, og er nå busette i Dimmelsvik/Omvikdalen.

Korleis likar han seg i Kvinnherad? lurer eg på. Carsten vert litt tankefull, og seier at tanken på Skandinavia alltid har dirra litt i han, vore som ein tone i bakgrunnen, nærast... Det har nok vore ei dragning mot Skandinavia, i særleg grad Norge, i han. Då han studerte ved universitetet i Freiburg tok han til dømes eit lite kurs i norsk bokmål, og ein gong reiste han på ferie til Norge. Han har også kjent på eit kall til å bli prest i distriktet, eller på landsbygda, og har gjentekne gonger fundert over om jobben i Kvinnherad

faktisk kan sjåast som eit kall... Det kjennest som om han er komen til den rette staden, seier han ettertenksamt. Avstanden frå Dimmelsvik er heller ikkje noko problem for han. Gjennom køyreturen finn han sjelefred og kvalitetstid, han elsker å køyra bil! Køyreturen til Åkra, der han også er prest, er for eksempel nydeleg, og frå der han nå bur, har han utsikt til både fjord og fjell. Som for å balansera entusiasmen over norsk natur, legg han til at han også likar sport på TV; han ser på fotball – tysk Bundesliga, og ishockey. Og så saknar han å snakka tysk, og tysk mat!

Men det skin likevel gjennom at stilla er viktig for han, ikkje berre som eit aspekt ved natur-opplevingar. Han er oppteken av mysteriet i trua, seier han. Ofte vert det for liten plass for det åndelege, det å kjenna på andakten og stilla i truslivet. Alt skal ikkje forklarast. Av og til er det nok å berre vera, å erfara Guds nærvær. Her har nok den katolske tradisjonen vore særskilt raus, tenkjer eg, og skapt større rom for det mystiske.

- Kanskje er det derfor eg likar så godt å køyra bil, reflekterer Carsten; det går litt på autopilot, og eg får tømme sjela. Det er kanskje litt meditasjon i det for meg, seier han. Stilla er veldig viktig, også som kjelde, fortset han. I klosterfellesskapet var ignatiansk retreat obligatorisk. Då var ein på ein ti-dagars taust retreat, med høve for åndeleg rettleiing undervegs. Viss ein klarte å opna seg for dette, det å la Guds ord tala til ein gjennom stilla, ville retreaten påverka livet eins, seier han.

Han tenker litt på dragninga mot Norge igjen, og det at han enda opp i Kvinnherad, og nå på øyane Halsnøy og Fjelberg. Han minnst eit bestemt ord frå Bibelen som talte til han ein gong for kanskje 25 år sidan. Det var eit vers frå Jeremia, der budskapet var å tala Guds ord på dei ytste øyar; «Høyr Herrens ord de folkeslag! Forkynn det til fjerne kystar (...)» Var dette eit ord til han som bar bod om

den plassen han ein gong skulle tala Guds ord? har han av og til undra seg over. Denne hendinga er del av det mystiske for han, ein type opplevingar som opptar han. Samstundes er han veldig tydeleg på at ein må ta det som ein får i bønna med seg i kvardagslivet, anten ein er prest eller butikkmedarbeidar. Dette kallar han eit bifokalt perspektiv, det at det åndelege og det jordslege er tett samanknytt. For Carsten er den kristne budskapet ei utfordring om å gå ut. Å vera ein kristen er ikkje å leva i eit parallellunivers. Bodet er å gå i fred, og tena Gud med glede, som ein seier det på slutten av gudstenesta. Dette er Jesus-tankegongen, seier han, eller realpresensen, som ein også kan kalla det; Kristus går inn der folk er, der folk lir. For Carsten er prestegjeringa såleis ikkje berre ein jobb, men ei teneste for både menneske og Gud.

- Det er ein livsstil å vera prest, seier han. Han ønsker å vera ein tilgjengeleg prest, og stilla på kort varsel i situasjonar der det trengst ein prest.

Som prest i den katolske kyrkja skal ein velja seg eit motto, og sjølv valde Carsten historia om den gongen Jacob kjempa med Gud og vann. Denne historia vert han aldri ferdig med. Då kampen mellom Jacob og engelen, eller Gud, var over, ville Jacob ha ei velsigning frå Gud. Det fekk han, men samstundes fekk han eit slag på hofta som gav han eit lyte. Carsten har også følt det som om han stadig kjempar med Gud. Han slår fast at den åndelege vegen hans, brytekampen med Gud, vekslinga mellom tvil og tru, nå har ført han til blant anna Halsnøy, Fjelberg og Åkra. Det er ein foreløpig ende på ei lang og mangearta reise, frå eit land til eit anna, og frå ei kyrkje til ei anna. Me håpar med han at Kvinnherad vert ein god stad å setja ned nye røter, for både Carsten og familien.

*Tekst/foto:
Rita Isdal Cunningham*



Torsdag 7. april

PÅSKEKONSERT EID KYRKJE kl 19.00


For Fjelberg og Eid sokneråd, Marit Lindekleiv

Alle god ting er tre, blir det sagt, og det kan passe å minne om i denne sammenhengen. Sissel og Terje Sørensen frå Hiskjo, har no nemleg for tredje år på rad førebudd seg på Påskekonsert i Eid kyrkje. I år vonar og trur vi at konserten vert ein realitet!

Sissel arbeider i det daglege som frisør, og Terje driv rørleggar-firma! På fritida er dei svært aktive på bedehuset lokalt på Hiskjo og elles litt i nærmiljøet, og er til stor glede for mange med songen og musikken dei formidlar!

Når dei no kjem til Eid, er det å håpe at mange vil nytte høvet til å høyre dei! Med i hovudsak Sissel si varme røyst, og Terje på medbrakt el-piano, må dette berre bli ein fin torsdagskveld, med fokus på påska sin bodskap!

VELKOMEN TIL KVAR OG EIN! - DET VERT HØVE TIL Å GJE EI GÅVE TIL KYRKJELYDSARBEIDET!



LANGFREDAGSSAMLING HUSNES KYRKJE kl. 20.00

Etter 2 år med unntakstilstandar både i kyrkja og elles i samfunnet, gler vi oss i år til å kunne markere påska ved mellom anna å samlast i kyrkjene våre!

Ein lang og god tradisjon er Langfredagssamlinga i Husnes kyrkje. Ei samling som korkje er prega av sol, eller snø og ski, men som skal hjelpe oss til å vende fokus mot Han, som ved sin død, bygde bru mellom oss og Gud! Mange av oss treng litt hjelp nettopp til dette, midt i all påskekosn elles!


Mykje fin musikk og song er skapt med bakgrunn i det som skjedde Langfredag. I år kan vi gle oss til å høyre Mari Bjelland frå Sunde, ei ung jente som er utrusta med ei vakker stemme, og samtidig ei fin evne til å formidle det ho syng!

Tekst er viktig på Langfredag! Den gamle forteljinga om Jesu liding og død, er slitesterk nok til å lesast igjen og igjen. I år vil Kristine Hellås og Åse Selsvold dele desse tekstane mellom seg. Toril Sortland vil gjennom eit utval av dikt, og på sin unike måte, få formidle det Jesus gjorde for oss alle!

Bilde på storskjerm, har faktisk i alle dei åra tradisjonen har vart, fått understreka det som vi får høyre. I tru på at dette framleis er ein god måte, arrangerer igjen Jan Ove Fagerheim bilete på veggen, som vi kan «kvile auga» på!

Velkomen til kvar og ein
– til nok ei Langfredags-samling i Husnes kyrkje!

Marit Lindekleiv



Bok om kyrkjene på Varaldsøy

Skriven av den tidlegare organisten Gitle Sandvik

Gitle Sandvik er bygdebokforfatter og slektsgranskar på Varaldsøy. I perioden 1977 – 1991 var han organist i kyrkja. No har han like godt skrive bok om kyrkjene på Varaldsøy, to stavkyrkjer og kyrkja slik ho står i dag, vigsla i november 1885, den største i Kvinnerad med heile 390 sitjeplassar då ho var bygd.

Boka til Gitle Sandvik er meir enn ei tradisjonell og lokal kyrkjesoge. I tillegg til fylldig informasjon kyrkjene og gravplassane, får vi eit innsyn i kristen- og truslivet på øya med alle tradisjonane som høyrer med. Der gjeld ikkje minst høgtider som dåp, konfirmasjon, brudlaup og gravferd. Misjonsarbeid i kyrkjelyden er ein viktig del av framstillinga i boka.

Sandvik skriv godt om prestane frå 1300 talet og fram til notida. Frå nyare tid merker vi oss prestene Johan Brakestad, bestefar til noverande sokneprest Kjersti Brakestad Boge. Den morosame, alvorsame og bestemte presten var godt likt i kyrkjelyden.

Den etter kvart så landskjende presten, Per Kørner, hadde tenesta si i Strandebarm og Varaldsøy i ein ti års periode. Med bakgrunn i abortlova kom Kørner i konflikt med staten. Han sa frå seg den statlege delen av prestetenesta, men fungerte likevel som prest nokre år i soknet.

Klokkarane har fått fylldig omtale. Den siste på lista og som fungerer enno, Hildur Øvsthus, har gjort eit stort arbeid for kyrkja på Varaldsøy. Ho har vore klokkar sidan 1981. Ikkje nok med det. Ho er det ein kallar lek gudstenesteleiar i Kvinnerad og har alltid ansvaret for julegudstenesta på øya.

Av organistane er det viktig å ta med Håkon Reinhard Hoff med det musikalske ansvaret i perioden 1951 – 1977. Han var blind, men Gitle skriv: Han hadde eit godt «syn», høyrde godt, fylgde med og hugsa kvar sving på vegen. Han kunne salmeboka utanåt. Sa du eit

nummer, visste han kva salme det var, tonearten og kor mange vers det var.

Så må vi ikkje gløyma Reidar Algerøy som var organist i heile 28 år og som framleis er vikar når det trengst.

Det som slår oss når vi les boka Kyrkjene på Varaldsøy, er at forfattaren veit og kan sitt stoff betre enn dei fleste. Han kjenner lokalkulturen og sine sambygdingar. Dette gjer at framstillinga er objektiv og truverdig. Mange vil ha glede av å lesa boka til Gitle Sandvik og for ein boksamling, vil boka på 168 sider ha ein sentral plass i bokhylla. Det er eit hendig format, lett å triva til med forfattaren sine eigne bilete, stort sett.

Grafisk design: Multipleks design, Kristen Børje Hus.


Utgjevar er Varaldsøy sokneråd som også står for sal.

Tekst: Kristian Bringedal

Boka om kyrkjene på Varaldsøy kan bestillast hos
Ingvild Sandvik, tlf.: 986 93 539

Ein kan betala med:
Vipps til nr. 647433 eller til
kontonummer 3460 07 54531

Hugs å merka betalinga med namn og «Kyrkjebok».



Bibelsmugling i Rosendal



Onsdag 23. mars var konfirmantane med på Bibel-smugling i Rosendal. Konfirmantane frå Kvinnherad, Ænes, Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy var samla på bedehuset rett etter skulen.

Først fekk konfirmantane graut, før det vart undervist om forfulgte kristne rundt i verda. Mange stader opplever kristne forfylgjing, diskriminering, fengsling og terror. Kyrkjelyden i Kvinnherad har også eit misjonsprosjekt i Egypt, der dei kristne opplever terror, diskriminering og forfylgjing.

Vidare fortalte Alf Jarle Langeland om bibelsmugling, som ein av hans vener hadde vore med på, og viste dei m.a. korleis ein kan gøyme biblar rundt på kroppen.

Etterpå gjorde konfirmantane seg klare til bibelsmugling frå bedehuset til kyrkja i Rosendal. Dei fekk kvar sitt pass, som dei måtte fylla ut og som det skulle stemp-last i på kvar 'grensepassering'. Mellom bedehuset og kyrkja var det nemleg sett opp to 'grensepasseringar' der konfirmantane fekk spørsmål om kva dei skulle og om dei hadde med seg narkotika eller biblar. Leiarane var utkledd som soldatar med klede frå forsvarrets overskuddslager og vi hadde også med ein hund, som

kunne søka seg fram til biblar. Dei fleste laga mista dei fleste biblane før dei kom til kyrkja. Men det beste laget fekk med seg heile 6 av 9 biblar.

Vi avslutta i kyrkja med å kåra ein vinnar og ei andaktsstund der vi las frå Salme 31 og ba om fred i Ukraina. Salme 31 vert lese kvar dag kl. 17.00 i Ukraina. Ei påminning om at i farefulle tider, er Gud vår tilflukt og han vernar om sine tenarar.

*Tekst/foto:
Kjersti B. Boge*

Utdrag av Salme 31 i Bibelen:

Herre, eg søkjer tilflukt hos deg, lat meg aldri bli til skamme! Fri meg ut i di rettferd! Vend øyret til meg, skund deg og redd meg! Ver meg eit vern og eit berg, ei borg til frelse! Du er mitt fjell og mi borg; for ditt namn skuld fører og leier du meg. Løys meg or garnet dei har spent ut for meg! For du er mi tilflukt. I dine hender gjev eg mi ånd, du løysar meg ut, Herre, du trufaste Gud...

... du har sett mi naud, du kjenner mi trengsle. Du gav meg ikkje over i handa til fienden, men førte meg ut i ope land. Ver meg nådig, Herre, for eg er i naud...

...Men eg set mi lit til deg, Herre, eg seier: «Du er min Gud.» Mine tider er i di hand, fri meg frå fiendar som jagar meg!...

...Kor stor di miskunn er, som du har spart til dei som fryktar deg! Rett framfor menneske har du vist di miskunn mot dei som søkjer tilflukt hos deg...

...Elsk Herren, alle hans trugne! Herren vernar dei trufaste, men den hovmodige gjev han att i fullt mål. Ver modige og sterke, alle de som ventar på Herren!

Slekters gang

Uskedal kyrkje

Dåp

30.01. Nora Reime-Johansen

30.01. Enaya Legland

Gravferd

19.01. Kristine Steinsletten..... f. 1926

23.02. Jan Bakke..... f. 1956

02.03. Grete Marit Snilstveit..... f. 1941

Husnes kyrkje

Dåp

23.01. Ludvik Nerhus Nissestad

23.01. Eline Lie Botten

23.01. Kristoffer Kaldestad Øvstebø

23.01. Maiken Hirth Stensletten

23.01. Nora Ekland Tørvik

23.01. Målfrid Ekland Tørvik

14.03. April Opsanger

14.03. Maximilian Opsanger

20.03. Victor Christiansen Yri

20.03. Gustav Handeland Rørvik

Gravferd

11.01. Jan Henrik Benjaminsen..... f. 1940

13.01. Tore Kjell Olsen..... f. 1941

20.01. Agnes Eikefjord..... f. 1921

09.02. Harald Stensletten..... f. 1930

10.02. Henning Saghaug..... f. 1922

15.02. Anja Ådland..... f. 1971

22.02. Fredrikke Målfrid Blokhus..... f. 1927

04.03. Harald Tjøflåt..... f. 1930

09.03. Borghild Rørtveit..... f. 1930

15.03. Leif Tomas Keskitalo..... f. 1944

18.03. Aud Marie Gausvik..... f. 1941

23.03. Gunnar Johan Berentsen..... f. 1951

29.03. Marit Nedrevaag..... f. 1944

Valen kyrkje

Dåp

02.01. Max Elio Francisco-Røssland

30.01. Tiril Gjuvsland Gausvik

Gravferd

04.02. Margrethe Maria Teigen..... f. 1930

11.02. Ole Nordtveit..... f. 1946

10.03. Magne Håkon Hamre..... f. 1946

Holmedal kyrkje

Dåp

16.01. Cornelius Kaldestad Eikemo

13.02. Hans Olav Djuve Slyngstadli

Gravferd

14.01. Cecilie Horgen..... f. 1925

11.02. Sigfrid Horgen..... f. 1931

25.02. Astrid Kaldestad..... f. 1919

Eid kyrkje

Dåp

06.03. Ask Neset

06.03. Mari Aasheim Ekland

06.03. Ingrid Torkildsen

20.03. Milian Blom Paulsen

20.03. Johanne Medhus Sjø

Gravferd

04.02. Ingvald Johan Irgens..... f. 1932

16.02. Aslaug Liv Hvidevold..... f. 1928

03.03. Erling Skålnes..... f. 1939

08.03. Alfild Koløy..... f. 1922

16.03. Åse Torild Eide..... f. 1948

Kvinnherad kyrkje

Dåp

01.01. Bjørn Olav Guddal

01.01. Alexandra Guddal

15.01. Leon Kvamsdal Ljostveit

15.01. Mattheo Rød Tvedt

15.01. Anna Olsen

16.01. Ronja Nerhus

13.03. Helene Fosheim

27.03. Lucas Teigen

Gravferd

04.01. Sylfest Vivelid..... f. 1943

12.01. Per Ljostveit..... f. 1929

21.01. Thomas Håvik..... f. 1929

26.01. Martha Pile..... f. 1929

08.02. Bjarne Torleif Snilstveit..... f. 1940

18.02. Magnar Kristian Hjelmeland..... f. 1939

01.03. Gullborg Raine..... f. 1939

17.03. Solveig Solheim..... f. 1936

17.03. Alfred Underhaug..... f. 1930

29.03. Helge Albrethson..... f. 1943

Ænes kyrkje

Gravferd

21.01. Aslaug Nerhus Hatteberg..... f. 1934

Åkra kyrkje

Dåp

13.02. Alina Vågen

13.02. Loke Vågen

Gravferd

30.03. Sigbjørn Laurits Tungesvik..... f. 1936

Varaldsøy kyrkje

Gravferd

03.02. Synnøve Marie Kårstad..... f. 1934

Hatlestrand kyrkje

Dåp

20.02. Tuva Tømmerbakk Linga

Gravferd

28.01. John Eyolf Johansen..... f. 1969

25.03. Jens Kirkhus..... f. 1942

Ølve kyrkje

Gravferd

24.03. Inger Johanne Andreassen..... f. 1938





Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

Kyrkjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
10.04	11:00	Høylandsbygd bedehus	Vikarprest	Høylandsbygd bedehus	
10.04	18:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Misjonssambandet	
14.04	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Misjon uten grenser	Nattverd
14.04	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Normisjon	Nattverd
14.04	19:30	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Blå Kors i Norge	Nattverd
14.04	20:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
15.04	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	Ikkje takkoffer	
15.04	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Misjon uten grenser	
15.04	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ikkje takkoffer	Nattverd
15.04	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	
15.04	20:00	Husnes kyrkje		Ikkje takkoffer	Langfredagssamling
17.04	11:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsselskapet	Nattverd
17.04	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Misjonsselskapet	
17.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Sjømannskyrkja	Nattverd
17.04	11:00	Eid kyrkje	Kjetil Kringlebotten	NMS Thailand	Nattverd
17.04	15:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Umred Children	Nattverd
17.04	17:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
23.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
23.04	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
24.04	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
24.04	17:30	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Brandøy	Samtalegudsteneste
24.04	18:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Samtalegudsteneste
30.04	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjon
30.04	11:00	Ænes kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
30.04	11:00	Holmedal kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
01.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Changemaker	Nattverd
01.05	18:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmantarbeidet	Samtalegudsteneste
07.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Nødhjelp	Konfirmasjon
07.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
07.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
08.05	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Nødhjelp	Konfirmasjon
08.05	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
08.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
14.05	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
14.05	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon





Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
15.05	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Stefanusalliansen	Konfirmasjon
15.05	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kirkelig Dialogsenter	Nattverd
15.05	15:00	Høylandsbygd bedehus	Carsten Mrusek	Høylandsbygd bedehus	Friluftsgudsteneste Radiohola - ved dårleg ver på bedehuset
17.05	10:00	Ølve kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Tråvik skule	
17.05	10:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Frelsesarmeen	
17.05	10:30	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Stefanusalliansen	
17.05	10:30	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
17.05	11:15	Uskedal kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	12:00	Hatlestrand kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	
17.05	12:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	
21.05	13:00	Varhaugselet	Åse Selsvold	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste
22.05	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
22.05	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
26.05	11:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjon
26.05	16:00	Kaldestad gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Kaldestad bedehus	
29.05	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
29.05	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsbladet	
29.05	17:00	Kvinnherad kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Framnes VGS	
05.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
05.06	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Menighetsfakultetet	Nattverd
05.06	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	
05.06	14:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Åkra-dagane
05.06	20:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	
06.06	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Misjonsalliansen	
06.06	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet
06.06	14:00	Fjelberg kyrkje	Svein Arne Theodorsen	Misjonsalliansen	Fjelbergstemnet
12.06	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Evangeliesenteret	Nattverd
12.06	11:00	Ølve kyrkje	Vikar prest	Ikkje takkoffer	
12.06	17:00	Halsnøy Kloster	Carsten Mrusek	Frelsesarmeen	Friluftsgudst. Klosterdagen
19.06	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Helgaton	
19.06	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stømmestiftelsen	
19.06	15:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stefanusalliansen	Nattverd
26.06	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	
26.06	14:00	Holmedal gml kyrkjestad	Vikarprest	Kyrkjelydsarbeidet	

NB! Det kan verta endringar i lista.

Sjå etter annonser i lokalavisene, eller på nettsida www.kvinnherad.kyrkja.no

Støtt annonsørane våre - Dei støttar oss!

**Husnes
MOTORas**
KAROSSERI OG MEKANISK VERKSTAD

TLF.: 53 47 15 11 • 5460 HUSNES

www.meca.no

M E C A



Halsnøy Trelast as

Åpningstider:
Mandag - Fredag: 9:00 - 16:30
Lørdag: 9:00 - 14:00

Telefon: 53 47 30 10
E-post: butikk@htrelast.no

www.htrelast.no

BYGGER'N
— TEIGEN —

Anne Maries
Blomster
Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91
annemariesblomster.no



TRONDS
MARINE SERVICE



Tlf.: 53 47 32 52



www.pizzabakeren.no
Tlf: 53 47 22 13

PIZZABAKEREN™
HUSNES



HMR
www.hmr.no

joker
ØLVE

Denne annonse-plassen kan verta din!
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!
jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no
Mobil: 913 45 042



GJE VATN TIL DEI SOM
TRENG DET MEST

VIPPS til 2426

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2022
fasteaksjonen.no

Har du ikkje fått gitt di gåve til årets Fasteaksjon? - Du kan framleis gje på Vipps!



www.facebook.com/kyrkjakvinnherad

www.kvinnherad.kyrkja.no

Støtt annonsørane våre - Dei støttar oss!

**YOU
WHO**

Du finn oss i 2. etg
i Husnes Storsenter

DIMMELSVIKBIL

-Din bil - Vårt fokus Telefon
53 48 30 60

REMA 1000

Husnes



Herde
Kompositt



**Husnes
Tannlegesenter**

Månd. - fred.: 08.00-16.00
Tlf. 53 47 70 00

EUROSPAR

Rosendal

INTO ELEKTRO & RØYR

Sundsvegen 77 · 5450 Sunde
post@IntroElektro.no · post@IntroRøyr.no

www.IntroElektro.no



registrert elinstallatør

Hardanger & Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt: 53 48 00 33 - Mail: post@hk-byraa.no

HARDANGER HAGEHJELP
TRE OG HAGEPLEIE

Beskjæring av trær?
Vanskeleg trefelling?

Anna hage arbeid og vekkøyring.
Me har Fagutdanna Arborist, og Gartnar.

Ryng oss i dag: 98804105

E-post: kristoffer.nerhus@hardangerhagehjelp.no

www.hardangerhagehjelp.no



S&S
SAU & SÅNT

- Graving
- Transport
- Natursteinsmur
- Bark
- Kulestein



90 40 29 39

Toftevågsvegen 18 - 5454 Sæbøvik

Mail: sogs@knett.no

Påske-tilbud

KVINNHERADSPELET
NÅ: Kr. 200,-

Ordinær pris:
499,-

TILBUD!

Kr. 150,- pr spel
ved kjøp av 3 stk
eller meir.

Ta kontakt: jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no - 91345042 - www.facebook.com/kvinnheradspelet

Deg være ære

- ein av dei mest sungne påskesalmane våre.

Her er det på sin plass først å skriva om komponisten. Melodien blei nemleg laga før teksten.

Den store tyske komponisten Georg Friedrich Händel flytta tidleg i livet sitt til London. Der gjorde han i året 1741 stor suksess med oratoriet "Messias". Nokre få år seinare skreiv han musikken til eit anna oratorium "Judas Makkabeus". Her er handlinga lagt til Det gamle testamentet. I dette oratoriet er det vi finn melodien til "Deg være ære".

Godt over hundre år seinare skreiv ein sveitsisk prest, Edmund L. Budry, ein ny tekst på fransk. No handlar det ikkje om den jødiske frigjeringshelten Judas Makkabeus, men om den oppstandne og sigrande Kristus. Så er det ein norsk prest, Arne Fjelberg, som omset og gir ut den norske versjonen i 1949.

Sidan har denne salmen, som står i salmeboka vår på nummer 197, verkeleg blitt ein av dei mest sungne av påskesalmane våre. Det er nok garantert at denne salmen står på salmetavla dersom du går til gudsteneste på påskedagane. Også utanom påsketida blir denne salmen sunge i mange samanhengar.

RA

Deg være ære

T: Edmond L. Budry O: Arne Fjelberg M: G. Fr. Händel

Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.
Lyset fyller haven, se, en engel kom,
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!

Refr.:

*Deg være ære, Herre over dødens makt!
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

Se, Herren lever! Salig morgenstund!
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.
Jubelropet runger: Frelseren er her!
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!

Frykt ikke mere! Evig er han med.
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.
Kristi navn er ære, seier er hans vei,
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.